

Økonomiplan 2025-2028:

«Vi vil innan 2026 greie ut verknadene av mogleg endra skolestruktur, med vekt på verknad for læringsmiljø, læring og lokalsamfunn. Vi skal sikre brei medverknad frå FAU, tilsette m.fl. i arbeidet.»

Plan for utgreiing av mogleg endra skulestruktur i grunnskulen i Øystre Slidre kommune



Øystre Slidre kommune
- rein naturglede!

Innhold

Innleiing	2
Mål med utgreiinga	2
Avgrensingar i utgreiinga	2
Prosess	3
Organisering av arbeidet	3
Analyse av data	3
Involvering	3
Tema i utgreiinga:.....	3
Høyring	5
Framdriftsplan.....	5

Innleiing

I Økonomiplanen for 2025-2028 for Øystre Slidre kommune ligg 10 på topp hovudprioriteringar som ein del av handlingsdelen av kommunedelplanen sin samfunnsdel. Eitt av punkta i 10 på topp er:

«Vi vil innan 2026 greie ut verknadene av mogleg endra skolestruktur, med vekt på verknad for læringsmiljø, læring og lokalsamfunn. Vi skal sikre brei medverknad frå FAU, tilsette m.fl. i arbeidet.»

Denne planen skal legge grunnlaget og førebu utgreiinga av mogleg skulestruktur i Øystre Slidre kommune.

Planen inneheld kva tema vi vil ha med i utgreiinga, korleis vi skal sikre medverking, ein tidsplan for arbeidet, ei oversikt over tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag og arbeidsmetode.

Før vi starta arbeidet med planen har vi informert tilsette i skulen, tillitsvalde, verneombud, kommunalt SU, FAU i grunnskulen og dei tre kommunale råda om arbeidet som skal starte opp. Vi har også bedt om innspel frå fagorganisasjonane på kva dei meiner er viktig å ha med i denne planen for å ivareta oppdraget.

Mål med utgreiinga

Målet med utreiinga er å få eit kunnskapsgrunnlag for å finne ut kva skulestruktur som gjev best grunnlag for eit godt læringsmiljø og læring. Vi ønskjer ein kvalitativt god grunnskule i Øystre Slidre som gir elevane ei trygg og god skule med tilsette som har gode arbeidsvilkår til å hjelpe elevane. Organiseringa skal sikre god tenestekvalitet i skulen for alle elevane. Viser dette kunnskapsgrunnlaget at vi kan forventa ei forbetring i læringsmiljø og læring ved ein endring av skulestrukturen skal verknaden av endringane greiast ut, m.a. verknadene for lokalsamfunnet.

Avgrensingar i utgreiinga

Oppdraget frå kommunestyret er å greie ut verknadane ved mogleg endra skulestruktur med vekt på læringsmiljø, læring og lokalsamfunn. I denne utgreiinga ser vi på tre ulike skulestrukturar:

- Behalde strukturen slik den er i dag med to barneskuler og ei ungdomsskule
- Ha to skuler i kommunen. Ei barneskule og ei ungdomsskule
- Ha ei skule i kommunen som dekker 1.-10. klasse

Utgreiinga vil sjå på fordeler og ulemper ved desse tre alternativa og gje ei tilråding ut i frå det. Dersom arbeidet gir eit vedtak om endra skulestruktur vil det vidare arbeidet bli lokalisering av den ønska strukturen. Det vil seie at lokalisering og kostnader ved endring/tilpassing av byggmasse ikkje er ein del av denne utgreiinga.

Prosess

Organisering av arbeidet

Kommunedirektøren vil setje ned ei arbeidsgruppe med kommunalsjefen for opplæring og kultur, ein rektor, ein pedagog, ein fagarbeider, ein representant frå administrasjonen, ein representant frå helse som arbeider med barn og ungdom, ein hovudtillitsvald og ein foreldrerepresentant.

Alle skulane skal vera representert i arbeidsgruppa.

Kommunestyrekomiteen for opplæring og kultur vil bli halden orientert om arbeidet og gje innspel til arbeidet.

Ressursgrupper ut over arbeidsgruppa vil vera:

- Dei kommunale råda
- Pedagogisk psykologisk teneste
- Spesialisthelsetenesta, som f. eks barne- og ungdomspsykiatrien og habiliteringstenesta
- Kommunalt samarbeidsutval

Analyse av data

Kommunen vil bruke data frå SSB, KOSTRA og Utdanningsdirektoratet

Innvoltering

Innsiktsintervju

Det vil bli gjennomført innsiktsintervju med tillitsvalde, tilsette, leiarar, FAU, elevar og ungdomsrådet.

Målet med innsiktsintervjuja er å få eit betre bilet av korleis dagens skulestruktur blir opplevd, og kva dei ulike gruppene meiner er viktig innanfor kvalitet i skulen.

Tema i utgreiinga:

For at utgreiinga skal vera godt nok opplyst vil desse tema vera med:

- Lovverk
 - o Sikre krava i opplæringslova

- Nasjonale føringer for oppvekstsektoren
 - o Forpliktande samhandling
 - o Tidleg innsats og førebygging
 - o Kompetanse nær eleven
 - o Barnet si stemme og brukarmedverknad, barnet sitt beste
 - o Lærarar med høg kompetanse som samarbeider om læringsprosessane i profesjonell fellesskap
 - o Leiarar som har kompetanse og ressursar til å leie komplekse utviklingsprosessar
- Pedagogisk kvalitet
 - o Fagleg breidde og tyngde
 - Tilgang til kvalifiserte lærarar i alle fag
 - Rammer for å realisere fagfornyinga, og andre framtidige læreplanar
 - Vilkår for tilrettelegging av fag
 - Tilpassa opplæring
 - o Læringsmiljø, klassemiljø og skolemiljø
 - Klassestorleik
 - Sosialt fellesskap og å høyre til
 - Trygghet, trivsel og psykososialt miljø
 - Samanheng mellom skulestørleik og kvalitet
 - o Tilbod til særleg sårbare barn og unge
 - Tilgang på spesialpedagogisk eller anna fagleg kompetanse
 - Moglegheiter for differensiering og tilpassing til ulike læringsbehov
 - Høyre til eit fellesskap
 - Samhandling med støttetenester
 - o Profesjonsfellesskap og fagleg utvikling for tilsette
 - Størrelse og styrke i lærarkollektivet
 - Lykkast med relevant fagleg utvikling
 - Fagleg samarbeid og deling av praksis
 - Leiing og støtte til pedagogisk utvikling
 - o Innovasjon og digitalisering
 - Fleksible læringsarenaer
 - Behov for utstyr og kapasitet
 - Utvikling av nye undervisningsformer og pedagogisk innovasjon tilpassa gruppa elevar
- Demografi og elevtalsutvikling
 - o Noverande og framtidige elevtal
 - o Befolkningsprognoser og flyttemønster
 - o Alderssamansetning og fødselstal
- Ressursutnytting

- Kompetanseutnytting
- Fleksibilitet
- Økonomisk ressursutnytting: få best mogleg kvalitet ut av økonomien
- Oppsummering
 - konsekvensane ved dei ulike alternativa
 - vurdering av samanhengen mellom struktur og kvalitet innanfor skuleresultat og læringsmiljø

Barnets beste skal vera førande i vurderinga av dei ulike alternativa i samanheng med faglege vurderingar.

Høyring

Utgreiinga blir sendt ut til offentleg høyring.

Framdriftsplan

Utgreiinga skal leggast fram for kommunestyret i løpet av 2026. Administrasjonen set som mål å handsame saka i kommunestyret november 2026.

	Desember	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Okttober	November
Utgreiing av mogleg endra skulestruktur i Øystre Slidre kommune												
Etablere arbeidsgruppe og sikre felles forståing for arbeidet												
Arbeidet fokuserer på pedagogisk kvalitet, læringsmiljø, læring												
Møte i kommunale råd for innspel												
Gjennomføre innsiktsintervju												
Analyse av data												
Møte i kommunestyrekomiteen												
Ferdigstille dokumentet til offentleg høyring												
Utgreiinga om mogleg endra skulestruktur på offentleg høyring												
Møte i kommunestyrekomiteen. Gjennomgang av innspel og vidare handsaming												
Gjennomgang i arbeidsgruppa etter høyring, ferdigstille til politisk handsaming												
Behandling og vedtak i kommunestyret												